



BÅTOPPTAK
21. OKTOBER

Varganytt

Nr. 2 - 1995 22. årgang

Medlemsblad for Os Båtklubb



DUGNAD

Sjå artikkel om dugnad og samtale med
Arne Aasheim inne i bladet.

STYRET HAR DISKUTERT

Vaktordninga i Varga - den fungerer ikkje!

Det hender at ingen møter opp, eller at berre ein møter opp, noko som jo er betenklig sikkerhetsmessig. Klubben er avhengig av solidaritets- og ansvarskjensle.

ALTSÅ: Sjå etter, noter tida i almanakken din! Og møt fram når du skal. Ved byting skal det stå i journalen, både kven som skulle hatt vakt og kven som faktisk hadde vakt.

Ja, for sanneleg har vi **besøk av uvedkomande** rett som det er. Og noken av dei har stolte 5 påhengsmotorar i sommar. Også andre ting er stolne, bl.a. radioutstyr. Temmeleg surt for dei det går utover.

Styret er kome til at det må setjast opp **bom** på vegen ned til Varga. Saka kjem opp på årsmøtet.

Har du enno ikkje **merkt jollen din**. Las du ikkje forrige nummer av Varganytt. Vel, få merke på jollen din, og det framme, så det er råd å få auga på det! Giddar du ikkje, seier du! Men jollen din vil bli fjerna ellers!

Helsing

REDAKSJONEN

HÅREK

ARBEIDSTIDA? FRÅ APRIL TIL NOVEMBER!





KJÆRE OS BÅTKLUBB

PÅ VEGNE AV UNGDOM MOT STOFF VIL JEG TAKKE FOR ET FANTASTISK
FJORDCRUISE I BJØRNESFJORDEN 26. JULI 1995.
UMS ARRANGERTE SOMMERLEIR FOR MEDLEMMER FRA HELE LANDET PÅ
SKJØRSAND. MIDT UNDER SOMMERLEIREN BLE VI HENTET AV 6 BATER
FRA OS BÅTKLUBB. RUNDT 30 UNGDOMMER FIKK VÆRE MED PÅ EN
BATTUR SOM DE I FØLGJE DEM SELV, ALDRI VIL GLEMME.
BJØRNESFJORDEN LÅ BLIKK OG "SOLA SKEIN SÅ HO VA GALEN", DA VI
CRUISET FRA FUSA MOT OS.



ENDELIG PÅ PLESS I BATENE (ETTER
MYE DISKUSJON OM HVEM SOM SKULLE VÆRE I HVILKEN BÅT OSV...)



BILDE
BATENE I KOLONNE FORBI MOBERGVIKEN BAD.

TUREN GIKK VIDERE INN I VARGAVAGEN DER VI FIKK SE BATANLEGGET OG DEN HISTORISKE KLEBERSTEINSHULEN. BÅTFØRERNE OG DERES MANNSKAP GJORDE TUREN INTERESSANT, DA DE STADIG KOM MED HISTORISKE OPPLYSNINGER FRA STEDER VI DROG FORBI. NESTE ETAPPE GIKK GJENNOM HAUGLANDSSJØEN OG UT TIL ØYANE. DET BLE SELVFØLGELIG TID TIL EN LITEN STOPP PÅ VEDHOLMEN, DER VI FIKK KJØPT LITT FORFRISKNINGER.

DET BEGYNTET Å BLI SENT, SA NA REISTE VI GJENNOM KVALSUNDET OG SATTE KURSEN TILBAKE TIL SKJØRSAND.

AVTALEN JEG HADDE MED OS BATKLUBB VAR EN LITEN RUNDTUR I BJØRNAFJORDEN, SA STOR VAR GLEDET DA DET VISTE SEG AT BATENE HADDE PLANLAGT ET TRE TIMERS OPPLEGG. I TILLEGG SKULLE INGEN AV BATENE STRESSE MED NOEN SERVERING, MEN ETTER TUREN VISTE DET SEG AT ALLE PASSASJERENE HADDE FATT BEVERTNING....



VEDHOLMEN I ØYANE.

PÅ DENNE MATEN VIL JEG TAKKE OS BATKLUBB FOR SPORTY INNSATS,
OG RETTE EN EKSTRA TAKK TIL INGUNN, SIGGUS, ROVI, "HANSEMANN",
MARIEL OG BLUE LADY.

MED VENNLIK HILSEN HILDEGUNN OMDAHL OG UNGDOM MOT STOFF.



DUGNAD

Kvar tysdags- og torsdagskveld er det dugnad i Vargavågen. Alle veit det, men ikkje alle kjenner seg kalla og utvalde. Vi må berre innrømma det: mellom kl 18 og 19 lokkar og dreg middagsluren, og etterpå freistar Dagsrevyen, og så er det tur med hunden og så er det tusen andre unnskyldningar. Det siste halmstrået er at vi mest aldri seier nei når vi blir spurta om å stilla til dugnad. Så det så ----- !

Men her om dagen høyrdes Varganytt at sjølve drivkrafta i dugnaden, Arne Aasheim, skulle dra på hjortejakt i sitt kjære Bremanger frå 10. september og utover - -. Og vi som hadde tenkt å skriva ein liten artikkel om dugnadsinnsatsen i Varga !

Vi fekk fart på oss, amatørjournalisten og amatørfotografen i Varganytt-redaksjonen. Tysdagskvelden den 5. september svinga vi inn på parkeringsplassen, i god tid før hjortejakta begynte.

Det var ein fin, rettnok sky skymarkveld, der Vargavågen låg svartestill utover mot Munkeholo. Men knotten likte seg også og plaga både oss og dugnadsgjengen.

Vi gjekk litt rundt for å fanga stemninga. Ein og annan båten for ut eller inn, og bølgjene skvala lett bortover svartestilla og fekk dei andre båtane til å rugga seg - så vidt det var.

Og der var dugnadsgjengen borte ved berget der landfast gangveg skal leggjast, slik at vi slepp å setja sjøbein og vagga oss utover flytegangvegen vi har hatt før. Det har visst vore den reine promilleprøven for nokon av oss.

Solide saker ser det ut til å bli. Skikkelege bjelkar og søyler ut frå berget og ned i botn. Dei solide metall-konstruksjonane har vår alles formann sett i hop. Utruleg mykje anna arbeid er og gjort før denne kvelden: hol og boltar i fjellet, sterke betongsøyler ned i botn og trygge, gode bjelkar til å leggja strøet på.

I kveld blir dei siste trebjelkane lagde og strø er så smått begynt å koma på.

Slik arbeid må planleggjast og styrast, og begge deler står visst Arne Aasheim for i stor utstrekning, trur vi.

Vi tenkjer tilbake på ein gong vi sjølv var på dugnad (!). Den gamle brygga var riven og vekke, den nye fanst ikkje. For oss såg det temmeleg kaotisk og håplaust ut. Men Arne Aasheim fekk oss til å gjera eit og anna som ikkje var heilt bak mål heller. Ikkje så at han kjefta og kommanderte, ånei, det er ikkje hans stil ! Vi tykkjer han har ein naturleg autoritet som gjer at vi trivst og kjenner oss trygge.

Dei gongene vi sjølv har vore på dugnad (ein god del gonger, tru det eller ei) har vi ofte vore litt utålmodige og håpt på litt sterkare styring, litt meir effektivitet kanskje. Vi held fram dette for Aasheim.

Nei - han trur ikkje arbeidet bør styrast så altfor sterkt. Vi må ikkje ta tiltaksviljen frå dei, seier han. Det skal vera fritidsaktivitet og ikkje ein arbeidsplass med jag og mas og kontroll.

Vi ser på dei som jobbar i kveld. Ikkje så mange rettnok. Men det ser vi: det er ikkje akkurat dei største trenevane i klubben som formar passelege endevinklar på bjelke og plank med sikker sag, for deretter å svinga hammaren og treffa spikaren beint på hovudet. Vi er glad det er penn og foto-apparat vi svingar her. Der føler vi at vi har situasjonen under ein viss kontroll.

Vi snakkar om laust og fast i dugnadsgjengen. Ein har hytte i Austevoll der han både har støypt og tømra sjølv. Dette kan dei - men fotografen til Varganytt undrast på kvifor dei gjer same slag arbeid i fritida som i arbeidstida.

Båtferie og hytteferie i det fantastiske øyriket vårt, det er tingene! Bilferie blir forkasta som annanrangs stressopplegg. Vi blir poetiske: Ingen ting er som "havgula lett og linn" i ein duvande båt på bårene ut mot havet!

Så svære langturar blir det ikkje, seier Aasheim. Helst blir det til hytta på Bruntveit på Reksteren. Men stundom fer han nordom både Fensfjorden og Sognesjøen til Bremanger, der han opphavleg kjem frå.

Vi må bortom og sjå på båten hans, ein sjark, master 740 combi. Ein skikkeleg fiskebåt, synest vi, med den romslege plassen akterut. Men det er likevel god kahytt fram.

Det er ofte eller oftast dei same som kjem desse dugnadskveldane. *Det er eit problem*, slår Aasheim fast. Men han er ikkje så ivrig på tanken om at somme medlemmer heller kan betala for nødvendig arbeid i Varga.

Alle skulle kjenna eigaransvar for anlegget, synest Aasheim. Til dømes for to år sidan, då den store vinterstormen for over kyst-Noreg den sundags-morgonen i januar. Då røynde det så hardt på bryggene at dei nærmast stod som spente bogar. Men ikkje alle såg etter båtane og bryggene sine, eller etter flagrande og flygande presenningar den sundagsmorgonen eller seinare. Folk trur at det ikkje kan blåsa skikkeleg opp i Vargavågen, legg Aasheim til, og skildrar korleis den harde sydausten kjem ned det skaret og korleis storkasta frå vest kjem ned det skaret.

Arne Aasheim snakkar helst ikkje om det, men han er æresmedlem i Os båtklubb. Med god grunn, spør de oss. Og han er ein verkeleg veteran. Han var med på Os båtklubbs første "offisielle møte" - rettnok ikkje på interimaktiviteten før det formelle førstemøtet - var det på Vinciansen eller på Kristi Berges pensjonat den gongen i ?? Og så snakkar han om lensmann Dahl, om Njøten, om Lundatræ, Brattholmen og fleire andre.

Etter mangfoldige og - trur vi - gode arbeidsår på Håkonsvern, er Arne Aasheim gått over i pensjonistdelen av sitt liv. Det ser ikkje ut til at Os båtklubb taper på det. Ikkje for det: han hadde tid til utruleg mange timer i Varga før pensjonistalderen nådde fatt i han også.



Aasheimen er fin, seier dugnadsgjengen, utan at vi har oppfordra til attest-skriwing.

Vi må forlata den skumrande sommarkvelden i Vargavågen. Arne Aasheim står og diskuterer overgangen til gamle-fastbrygga oppe langs slippen. Sakleg og lunt - og liksom sjølv sagt.


Vi må skjerpa oss, tenkjer vi, og kører opp frå den fantastiske hamna vår. Vi må også gjera vår del for å halda vedlike og forbetra denne perla av ein plass til båten vår.

Bols-

FRÅ GJESTEBOKA SOMMAREN 1995

23.6.-95 Takk för en trevlig Sankt Hans
(Sverige)

7.7.-95 Tusund tökk fyri eina hjartaliga mottökee, og eina godtá nátt i
Vargavågen . . .
(Föröyar)



13.7.-95 Dojo - New Zealand yacht
. . . Tahk für die wilkommen de Os Båtklubb

14.7.-95 Hit vi kom med båter ni, og vi kunne tenkt å bli
(Kopervik og Stavanger)

19.8.-95 . . . England: Thank you for a pleasant stay . . .

Odd Larsen A/s
FITJAR
Eit mangfaldig handelshus

SPAR 

 OLJEPRODUKTER
SPORT
JERNVARER
MALING
UTSTYRSVARER

Tlf. 53 49 72 07 Mob. 94 68 71 07

Me har også dusj og vaskemaskinutleige.

NB! I sesongen har me bunkersvakt på søndager frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

Me ynskjer alle «vargarar» ein god båtsommar.

Helsing Larsen på Fitjar

KOLAAS FOTO

Postboks 280 - 5201 Os - Tlf.: 56 30 01 51

Bilder  på timen!

Benytt ditt lokale regnskapsbyrå

Osregnskap a.s


S200 OS

Jan Olav Lund

Medlemmer av Norske Regnskapsøkonomers forening.

Godkjent regnskapsbyrå IGR

Leif Ragnar Tveit



Døgnvakt utenom
kontortid: 80 03 21 30

Har du forsikring i
Gjensidige, hjelper vi
deg døgnet rundt
- også på sørn- og
helligdager

Ring oss idag!
GJENSIDIGE
Vest

- distriktets eget
forsikringsselskap

Os, tlf. 56 30 04 88
Eikelandsosen, tlf. 56 58 15 20

Det går mot båtsesong !

Kursen går mot Vedholmen for
bunkers, vann og daglivarer.

NB ! I år kan vi ønske våre kunder
velkommen til nytt bunkers anlegg.

VEDHOLMEN LANDHANDEL

TLF. 56305404

KVELD. 56305679



© 56 30 10 55

SELSKAPSSNITTAR 12⁵⁰

LUKSUSSNITTAR 13⁵⁰

Leverer ~~alle~~ dager
(Søndager tilleggs kr 1⁰⁰ pr. stk.)

HAR DE BEHOV FOR .. OVERTIDSMAT?
.. LUXUS SNITTER?
.. LUXUS KOLDTBORD?
.. ELLER ANNEN GOD
SELSKAPSMAT?

GODT UTVALG I HAVETS DELIKATESSER

H. Lepsøe & Sønn A/S Fisk og Dagligvarer

5200 OSØYRO — Tlf 56 30 10 30

LYSSAND **BILFORRETNING**

Apningstider: **MAND.-FRED. 10 - 18**
LØRDAG 10 - 14

TLF.: 56 30 18 50 MOBIL: 94 68 88 53

VASKEHALL
VERKSTED
BILREKVISITA
LEIEBIL
BILALARM

HÅREK

EG FEKK EIN FISK
SAM VAR SÅ STOR!

DET TRUR
EG IKKE!





Tomas Anmarkrud
Askvik
5220 HAGAVIK
 56 30 81 30

BÅT OG MOTORVERKSTED

10 tonns kran

Skrog, innredning, motor og elektrisk

Forhandler for:

SABB

WEST SYSTEM.

YANMAR

PERKINS

Epoksy

ØKONOMI KONTO

- **Spar gebyr**

Bruk kort til uttak i mini-Banken og betaling av varer

- **Høgare rente**

enn vanleg lønnskonto

- **GiroService**

Eigen mappe med frankerte konvoluttar.

Send inn post- og bankgiroblankettar for belastning

- **TelefonService**

Enkle banktenester via telefon

Kom inn, så får du veta meir om Økonomikonto!

SPAREBANKEN VEST

VELKOMEN TIL EIT HYGGJELEG OPPHOLD PÅ

Kulleseidkanalen


Gjestehamn

ME KAN TILBY :

- + OVERNATTING
- + KIOSK
- + DUSJ
- + VASKEMASKIN
- + TØRKETROMMEL

KORT VEG TIL :

- + DAGLEGVARER
- + BANK
- + BENINSTASJON
- + KAFÉ
- + POST



Ut på sjøen ?

Båtsportkart - sjøkart og båtbøker hører med til turen

M.K. OLSEN

Bok og papirhandel

Osøyro - tlf. 56 30 03 10

Fax 56 30 29 80

**OS & FUSA
POSTEN**

*ei lokalavis i
medvind*

Boks 272 - 5201 Os

Tlf.: 56 30 29 50 - Fax: 56 30 24 77



Rosvold SPORT

ALT I FISKEUTSTYR

INTERSPORT

ALT I LYD OG BILDE



LEHRMANN'S

*** RADIO * TV * A/S ***

OSØYRO

TELEFON 30 11 55

5200 OS



Os Bilservice

Kjell Jansen, 5200 Os - ☎ (56) 30 06 75

**Serviceverksted
Vaskehall med maskin
Rekvista – Dekk
Kiosk m/varm mat
Mini-Bank
S-kort
Tilhengerutleie**



**Godt verktøy
er halve jobben !**

*Velkommen til hyggelig handel hos
jernvarehandleren med kvalitet og service.*

JERNVA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Telefon 30 04 00

IRISFABRIKKENS FABRIKKUTSALE

Åpningstider:

Handag-Torsdag

0900-1630

Fredag

0900-1800

Lørdag

Lukket



HAMESUND
HELGØYSUND
O. Nygård - Tolge Eft.
Helsing
Oloug og Daniel



**Velkommen til
Helgøysund**

TELEFON: (04) 51 03 74



OS SERVICESENTER A/s


Telefon 30 04 92

ESSO BUTIKK
BENSIN - DIESEL
PARAFIN - MARINA
BANKKORTPUMPE FOR
BENSIN OG DIESEL

UTKJØRING AV DIESEL, FYRINGSOLJE
AUTORISERT BILVERKSTED
SMØREHALL - BILREKVISITA
KIOSK - VARM MAT
VIDEO - MUSIKK
DEKKMARKED - OLJEMARKED



BOGEN 14 selvlensende



*En praktisk fritidsbåt, med god dørkpllass.
Båten er stødig og serdeles lettplanende.*

Tekniske data:

*Lengde 420 cm Fri bord 60 cm
Bredde 164 cm Vekt 145 kg*

Produksjon og salg:

MARITIME SUPPLY
Bogevik, 5200 Os
TLF. 56309980

VELKOMMEN TIL SAGVÅG
DIESEL VATH PROPAN PROVIAN
KALDE DRYKKER STRAUM
APOTEKERUARER OG GOD SERVIGE



S. JONASSEN

TESS
SLANGER FOR BÅTEN

Vi dekker ethvert behov
innen slanger og tilhørende
armatur til båten.

Stikk innom og se vårt store
utvalg av tilleggsprodukter.



TESS BERGEN A/S

Kanalvn. 53

Posboks 8 - 5032 Minde


Tlf.: 55 20 03 10 - Fax: 55 20 11 55

Avd. Sotra/CCB

Postboks 36 - 5363 Ågotnes

Tlf.: 56 33 33 20 - Fax: 56 33 49 95


DRAGESET



SPAR

**BÅTER
OG UTSTYR**
kjøpes og selges gjennom

Bergens  Tidende



TLF 55 214858


ARNLIJOTS LÆNGSEL MOT HAVET

Havet stunder jeg mot, ja havet,
hvor fjærnt det ruller i ro og højhed.
Med vægt av fjælltunge tåkebanke
det vandrer evig sig selv i møte.
Skjønt himlen daler, og landet kaller,
det har ej hvile, og ej det viger.
I sommernatten, i vinterstormen
det vælter klagende samme længsel.

Mot havet stunder jeg, ja mot havet,
hvor fjærnt det løfter den kolde panne!
Se, værden kaster sin skygge på den
og spejler hviskende ned sin jammer.
Men solen stryker den varm og lysblid
og taler frejdig om livets glæde.
Dog like iskold, tungsindig rolig
den sænker sorgen og sænker trøsten.

(Utdrag fra Bjørnsons dikt 1870)

HÅREK



6587

©1994 by King Features Syndicate, Inc. World rights reserved. ©AFS-Dar BULLS